


# Herdlevær

## EIT FISKARSAMFUNN MOT NORDSJØEN

**HERDLEVÆR ligg på ei av dei små øyane vest for Hjeltefjorden, ut mot Nordsjøen og storhavet. I dag køyrer du til tuns med bil. Dei mange øyane er bundne saman av smekre bruspenn i betong. For femti år sidan var det ei halv dagsreis å koma seg frå fastlandet med eigen robåt eller skyss til Herdlevær.**



**H**erdlevær hørde i mellomalderen til kongsgarden på Herdla (②72). I dei lune vikane kring Straumøy og Skogsøy, med gode hamner og kort veg til dei rike fiskeplassane, ligg det mange hustuffer og båtopplag som vitnar om stor aktivitet i tidlegare tider. Granskingar syner at folk har kome hit i hopetal for å fiska. Herdlevær har vore eit utvær – ein sesongbustad – med tradisjonar heilt attende til tidleg vikingtid. I mellomalderen har dei rike fiskeressursane her vore ein viktig del av kongen sin økonomi. Det er ikkje usannsynleg at kongen, gjennom sine lokalkjende stormenn,

organiserte det store fisket som gjekk føre seg her, både til hushaldet på kongsgarden og for sal vidare til andre.

Det har frå gammalt av vore tre tun på Herdlevær: Oppigården, Midttunet og Nordgården; elleve bruk i alt. Dei elleve gardsbruka har vore i lag om fem notbruk, og nokre av desse er framleis i hevd. Sjøhusa og nausta på Herdlevær ligg samla langs sundet mellom Herdlevær og Skogsøy. På dei ytste, skogberre øyane mot Nordsjøen har fisket til alle tider vore ein viktig del av nærings-

grunnlaget. Kor gammal den faste busetnaden er på Herdlevær, er vanskeleg å fastslå sikkert.

Eit forvitneleg nærbilete av samarbeid og hopehav får vi når vi ser på korleis dei organiserte arbeidet i kvart landnotlag eller fiskebruk. Kvar noteigar i grannelaget hadde sine egne bolkar i notene, i samsvar med den skyld bruket hadde. I det gamle hopehavet hadde kvar eigar plikt på seg til å halda sine bolkar i orden: bota, barka og setja inn nytt der det trøngst – under granneoppsyn. □

## KVERNAPOLLEN

Då anleggsfolka kom til Kollsnes for å ta fatt på arbeidet med den store ilandførings-terminalen for gass frå Trollfeltet i Nordsjøen, fann dei ruinane etter ei gammal gardskvern i KVERNAPOLLEN. Trollprosjektet tok initiativet til å byggja opp att kverna, og sikra oss såleis eit kulturminne som illustrerer kontrasten mellom energiutvinninga i vår tid i stor skala, og den finstilte utnyttinga av små ressursar i det gamle gardshushaldet.

Kverna i Kvernapollen høyrer til Oni og var felleseige for brukarane på garden. Alderen på kvernhuset kan vi ikkje fastslå nøyaktig, men det er grunn til å tru at anlegget vart bygt i siste halvta av 1800-talet. Skriftelege kjelder fortel at det var kvern på Oni i 1723. Truleg har det vore kvern på garden endå lenger attende i tida. I tillegg til å mala sitt eige korn, hovudsakleg havre, dreiv Oni òg leigemaling for gardane nordover i Øygarden.

Frå skriftelege kjelder veit vi at vasskverna vart nytta i Noreg på 1200-talet, men truleg kom denne kverntypen i bruk alt i vikingtida. Vasskverna var eit stort teknologisk framsteg og er det første dømet på utnytting av mekanisk kraft i større målestokk. Denne kverna fekk stor utbreiing i Noreg. Då korntrygda vart innført i 1926, slutta bøndene på Oni etter kvart å nytta kverna si. I staden drog dei til mølla på Litlebergen i Meland og fekk bytt kornet i mjøl. I 1950-åra vart anlegget rive; berre murane stod att. Kverna og sløket (vassrenna) vart rekonstruerte i 1992.



## SJØBUENE I BREIVIKSUNDET

Sjøbuene i BREIVIKSUNDET minner om fjæremannshusa, dei smålatne overnatningsstadene for fjordbøndene som kom ut til kysten for å delta i fisket. Vi finn mange tuffer etter slike hus langs kysten, og mange av dei går utan tvil attende til mellomalder og forhistorisk tid (②88).

